



Luster kommune



Reguleringsplan for Solvorn kyrkje

Planomtale

Plan-ID 1426-2016001

Datert: 18.05.2020

Eigengodkjent: 26.11.2020 sak 58/20

Endra:

Planområdet

Planområdet ligg i bygda Solvorn, på vestsida av Lustrafjorden. Planområdet er på om lag 6 dekar.

Ein kjem til Solvorn på fylkesveg 5642 Solvornvegen som tek av frå fylkesveg 55 ved Galden på Hafslo. Det er om lag 18 km til kommunesenteret Gaupne frå Solvorn kyrkje. Solvorn kyrkje ligg ca. 48 meter over havet og det er ca. 725 m gangavstand frå Solvorn kai. Kyrkja med kyrkjegard er omkransa av slåttemark og beite. På autsida av kyrkja går vegen til bustadfeltet Løteigane og i nordaust har kyrkja Solvorn oppvekstsenter som næraste nabo.

Bakgrunnen for planarbeidet


Hovudføremål med detaljreguleringa er å få fleire parkeringsplassar i Solvorn og samstundes legge til rette for universell tilkomst til kyrkja. Planen er utarbeida av Luster kommune.


Planomtale

I samsvar med plan- og bygningslova § 4-2 er det utarbeidd ein planomtale som skildrar føremål, hovudinnhald og verknader av planen, samt gjere greie for vilkåra til andre gjeldane reguleringsplanar, overordna planar og retningslinjer for i planområdet.

ROS-analyse

Det er utarbeida ei ROS-analyse i samband med planarbeidet.





Eigartilhøve

Grunneigarar i planområdet er lista opp i tabellen nedanfor.

GRUNNEIGARAR

Gbnr.	Namn
168/1	Kristen Bjørnethun
168/28, 168/9, 168/10, 168/32, 168/29	Luster kommune
176/7, 170/1	Kjell Joar Brekken
168/8	Solvorn sokn
170/7	Lars Arne Haugen

**168/8 og 168/9 er eit jordsameige*

TILGRENSANDE EIGEDOMMAR

167/1	Gudny Audhild Ø Haugen Svein Haugen
167/42	Karen Øvrebø
168/13	Sigfred Arnulf Haugen
170/10	Nils Eriksen Ugulen
171/1	Bjarne Per Øvrebø

Planprosessen

Oppstartsvedtak

Planarbeidet er vedteke i Luster kommune sitt planleggingsprogram for 2019-2022. Kommunestyre vedtok planleggingsprogramet i møte den 13.12.2018, sak 61/18.

Planarbeidet utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing eller planprogram jf. § 4-1 i plan- og bygningslova då reguleringa er i samsvar med kommuneplanen og er vurdert til å ikkje gje vesentlege verknader for miljø og samfunn.

Møte med kyrkjeverje

Møtet var januar 2019 før melding om oppstart av planarbeid, og formålet med møtet var å avklare behova til kyrkja. I dag må kister og besøkande opp ein bratt gangveg med stigning ca. 1:6,5 frå parkeringsplassen og vidare opp ei bratt trapp som er 1,5 m høg og har 8 trinn i varierende høgde. Det er ikkje eit flatt område framfor sjøve inngangsdøra. Det er viktig med HC-tilpassa inngang frå parkeringsplass og denne må ha så stor breidde og svingradius at den også kan brukast til bæring av kister. I tillegg er det viktig med god estetikk i utforming av ny tilkomst.

Kyrkja har i dag ikkje HC-plassar – det er nok med 1-2 stykk. Det held med ca. 20 P-plassar rundt kyrkja for kyrkja sin del. Det er bygd HC-toalett i bakkant av kyrkja, men vegen til toaletta er grasbakke/plen som ikkje er eigna for hjul. Muren på oversida av kyrkja held på å rasa ut og må takast att med det første. Muren kan flyttast noko lengre frå kyrkjeveggen enn den er i dag, men bakkant mur må ikkje vera nærare eksisterande gravstøtter enn 2.2 meter. Det er ikkje behov for utviding av gravplassen.

Varsel om oppstart av planarbeid

Offentlege høyringsinstansar, grunneigarar i området og naboar vart varsla i brev sendt 25. januar 2019. Oppstart av reguleringsplanarbeidet vart også varsla på kommunen si heimeside og gjennom annonse i Sogn Avis den 26. januar 2019. Frist for å kome med innspel var sett til 23. februar 2019.

Det vart varsla oppstart for eit større område enn det framlagt planforslag viser for å kunne arbeide med to alternative løysingar for tilkomst til kyrkja. Planområdet vart redusert før det vart gjort arkeologiske grunnundersøkingar i området. Sjå møte med grunneigar.

Møte med grunneigar Kristen Bjørnetun gbnr. 168/1

Møtet var januar 2019, etter melding om oppstart av planarbeidet, og formål med møtet var å finne løysingar som stetta kyrkja sine behov og som var til minst ulempe for grunneigar. For grunneigar har arealet på nordsida av Solvorn kyrkje størst jordbruksverdi. Ei løysing på sørsida av kyrkja er difor det beste alternativet for grunneigar. Dette området er i bruk som beite. Han ynskjer å behalde eksisterande tre som gir skygge for beitedyr og ikkje minst behalda naturleg drikkevatt i form av bekken. Grunneigar ser på det som ei aktuell løysing å jamne ut/fylle gropa slik at det både kan gi betre tilkomst til kyrkja og slik at jordbruksverdien aukar. Det kan verte mindre dominerande landskapsinngrep ved å tilpasse utforminga på ny tilkomst til kyrkja og attverande jordbruksareal til kvarandre.

Deler av toalettet til kyrkja står på eigedommen 168/29, Bjørnetun står framleis som eigar av dette i matrikkelen sjølv om det vart seld til kyrkja for rundt 30 år sidan og han ber om at dette vert retta opp. Bjørnetun ytrar ynskje om makeskifte. Garden har for lite areal til fôrproduksjon i dag. Dette kunne erstatte det jordbruksarealet som går med til ny tilkomst til kyrkja. Grunneigar meiner det er fleire alternativ nær eigedommen som kan fungere. Makeskifte vert ikkje styrt av reguleringsplanen og slike løysingar kan spelast inn i samband med erstatning i samband med oppfylgning etter vedtak av ny reguleringsplan.

Konklusjonen i møtet er at Luster kommune v/plan prioriterer å utarbeide eit forslag til ny tilkomst til kyrkja på sørsida av kyrkja. Luster kommune skal undersøke eigedomshøva og rette føringa i matrikkelen på eigedom 168/29. Bjørnetun vert vist til Luster kommune v/eigedom for å diskutere eit makeskifte.

Innspel til planarbeidet

Det kom seks innspel etter varsel om oppstart av planarbeidet i tillegg til innspela frå grunneigar. Eit samandrag av innspela med kommentarar finn du i tabellen under.

Innspel frå	Hovudpunkt i innspelet	Kommentar frå rådmannen
Statens vegvesen – region vest. 07.02.2019 Dok.nr. 7	<ol style="list-style-type: none"> 1. Det bør etablerast parkering på same side av vegen som kyrkja for å redusere talet på mjuke trafikantar som kryssar vegen 2. Parkering bør skje på eige areal utanfor vegbana, med rabatt, eller som langsgående parkering utanfor køyrefelta. 3. Syner til kap. B.3.8 og D.7 i vegnormalen N100 	<p>Alle innspela er innarbeida i planframlegget</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Ny parkering skal etablerast på same side av vegen som kyrkja. 2. Parkeringa skjer på eige areal med rabatt/mur. Eksisterande parkering er foreslått oppretthalden. 3. Kommunen legg vegnormalen N100 til grunn for planlegging av parkering.
NVE 13.02.2019 Dok.nr. 8	<ol style="list-style-type: none"> 1. Syner til skredkartlegginga i Solvorn. Fare for skred skal vere eit tema i ROS-analysen, og konsekvensar for planarbeidet må vurderast. 2. Fareområda bør visast med omsynssone Skredfare H310 med tilhøyrande føresegner. 3. Pga. ein mindre bekk i planområdet bør ein vurdere kapasitet på kulvertar og restriksjonar i bekkeløpet. 4. Ta omsyn til forventa klimaendringar jf. SPR klimatilpassing vedteke i 2018. Bruk klimaprofilen til Sogn og Fjordane fylke som kunnskapsgrunnlag. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Fare for skred er teke med som eit tema i ROS-analysen. 2. Fareområde skred er vist i plankartet og har tilhøyrande føresegner. 3. Ein må vurdere kapasitet på kulvertar ved detaljplanlegging av ny parkeringsplass. Dette er innarbeida i føresegnene. 4. Kommunen har gjort seg kjent med innhaldet i SPR klimatilpassing og nyttar klimaprofilen som eit kunnskapsgrunnlag for forventa klimaendringar.
Luster kyrkjelege fellesråd 15.02.2019 Dok.nr. 9	<ol style="list-style-type: none"> 1. Fellesrådet og Solvorn sokneråd ser føre seg at ein nyttar arealet mot gamlevegen til parkering, og som ny inngang til kyrkja. Handikappinggangen mot gravplassen og trapp ned på motsett side. 2. Bør utbetre området rundt kyrkja for å 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Arealet mot gamlevegen vert nytta som parkering og som ny inngang til kyrkja. Sjølv detaljutforminga kan ikkje visast i på plankartet, men løysinga utarbeida av Fasit i 2012 er tenkt vidareført.

LUSTER KOMMUNE – REGULERINGSPLAN FOR SOLVORN KYRKJE

	<p>bruke handikapptoalett på baksida av kyrkja. Bør rette opp ein mur og flytte den lengre inn på gravplassen. Dette er ikkje til hinder for utnyttinga av gravplassen.</p> <p>3. Ved kyrkjelege hendingar er det eit behov for ca. 15 P-plassar, inkludert 2 HC-plassar.</p>	<p>2. Det vert regulert inn gangveg på sørsida av kyrkja til toalett. Muren må takast att, men er ikkje styrt av reguleringsplanen.</p> <p>3. Den nye planen viser totalt 38 P-plassar i området pluss 2 HC-plassar nærast inngangen til kyrkja. Då plassen også skal kunna avlasta sentrumsområdet er den større enn kyrkja sitt behov.</p>
<p>Fylkesmannen i Vestland</p> <p>18.02.2019 Dok.nr. 10</p>	<p>1. Aktuelle fagtema i planarbeidet kan vere:</p> <p>2. naturmangfald, 6. landskap/estetikk, 7. grønstruktur, 9. universell utforming, 10. landbruk, 11. ureining 13. samfunnstryggleik og beredskap.</p> <p>2. Minner om at planomtalen skal gjere greie for verknadene planen kan ha for ulike interesser og omsyn i planområdet.</p> <p>3. Landbruk: Ut frå jordsmonn og klima er den fulldyrka jorda i planområdet godt eigna til bær dyrking, og det er viktig å ta omsyn til dette. Rår til å velje løysingar som minimerer inngrep i verdifulle jord- og hagebruksareala.</p>	<p>1. Dei aktuelle fagtema er vurderte i planomtalen.</p> <p>2. Same som over.</p> <p>3. Det aktuelle området som vert omdisponert frå landbruk til parkeringsplass er beitemark som ikkje er eigna til slåttemark eller bærproduksjon utan at det vert arrondert og drenert. Omdisponeringa er vurdert i planomtalen.</p>
<p>Den Norske kyrkja - Bjørgvin bispedømeråd</p> <p>22.02.2019 Dok.nr. 11</p>	<p>1. All bygging nærare kyrkja enn 60 m og alle endringar på kyrkjebygget skal godkjennast av biskopen.</p> <p>2. Kyrkja er listeført som verneverdig og biskopen skal i slike saker innhente fråsegn frå fylkeskommunen.</p> <p>3. All endring av gravplassen, t.d. flytting av mur, skal godkjennast av Bjørgvin bispedømeråd. Desse krava må inn i føresegnene til planen.</p> <p>4. Bispedømerådet er positive til planane. Ber om at dei vert kontakta når ein skal teikne ut konkrete løysingar sidan desse vil verke inn på både omgjevnadane til kyrkja, endringar på gravplassen og endringar på kyrkjebyggjet.</p>	<p>1. Det vert teke inn i føresegnene at all bygging/endring av bygg i heile planområdet skal godkjennast av biskopen.</p> <p>2. Teke til orientering.</p> <p>3. Det vert teke inn i føresegnene at all endring av gravplassen, t.d. flytting av mur, skal godkjennast av Bjørgvin bispedømeråd.</p> <p>4. Teke til orientering</p>
<p>Sogn og Fjordane fylkeskommune</p> <p>28.02.2019 Dok.nr. 12</p>	<p>1. Kyrkja er listeført og tiltak som kan medføre inngrep i kyrkja skal leggst fram for Riksantikvaren til vurdering. Fråsegn frå Riksantikvaren vert ettersendt.</p> <p>2. Mellomalder gravplass. Gravplassen kring kyrkja er automatisk freda og det er forbod mot inngrep med mindre det er gjeve løyve til det frå Riksantikvaren gjennom</p>	<p>1. Tatt til orientering.</p> <p>2. Syner til tidlegare korrespondanse med fylkeskommune, Luster kommune meiner at mellomalder gravplass i Solvorn er på motsett side av gamlevegen. Gravplassen kring kyrkja er av nyare dato.</p>

LUSTER KOMMUNE – REGULERINGSPLAN FOR SOLVORN KYRKJE

	<p>dispensasjon. Dette gjeld òg sikringssona som har ein minste utstrekning på fem meter frå kyrkjegarden sin ytterkant. Fylkeskommunen ber om å få oversendt detaljerte planar som syner omfanget av og plassering av tenkte tiltak.</p> <p>3. Det er vurdert at dei dyrka flatene innanfor planområdet inneheld eit potensiale for å gjere funn av nye automatisk freda kulturminne. Fylkeskommunen finn såleis grunnlag for å stille krav om arkeologiske registreringar innanfor planområdet jf. kulml § 9.</p> <p>4. Planen kan ikkje vedtakast i kommunen før fylkeskommunen har gjeve endeleg uttale på grunnlag av varsla registrering.</p>	<p>3. Det har vore arkeologisk registrering i området og området er frigitt til utbygging.</p> <p>4. Sjå over.</p>
<p>Kristen Bjørnetun Grunneigar 168/1 Lagt fram i møte 29.01.2019</p>	<p>1. Ei plassering av parkeringsplassen sør for kyrkja gir minst ulempe for drifta av garden.</p> <p>2. Ynskjer å bevare store tre som gir skygge for dyra og tilgang til naturleg drikkevatt.</p> <p>3. Ved å fylle opp dumpa vil området få større verdi som jordbruksområde.</p> <p>4. Må endre eigar for eigedommen 168/29 der kyrkja sitt toalett står. Vart seld for 30 år sidan.</p> <p>5. Vil gjerne ha makebyte for tapt jordbruksareal.</p>	<p>1. Innspelet er teke til følge og ny parkeringsplass er foreslått sør for kyrkja.</p> <p>2. Vatnet skal framleis renne naturleg på oversida av parkeringsplassen. Ei utjamning av skråninga frå P-plass til beite kan føre til at tre må fjernast.</p> <p>3. Det er foreslått å lage slak skråning frå P-plass til beite. Det må vera att ei forsenking i området for å kunne samle opp flaumvatn/flaumskred.</p> <p>4. Er oversendt til oppmåling.</p> <p>5. Må spelast inn til eigedom ved oppfylging av vedteken reguleringsplan</p>
<p>Oddlaug B. Walaker 30.04.2019 Kome inn etter fristen Dok.nr. 15</p>	<p>Walaker har eit forslag til ny/ekstra inngang til kyrkja. Rett inn i kyrkjerommet på venstre side for våpenhuset. Dør kan utformast til å gli inn i fasaden. Høgdeskilnaden mellom ute og inne er minst på venstre side av kyrkja sin gavlvegg. Ein må då fjerne eit par benker under galleriet på venstre side av midtgangen.</p>	<p>Innspelet vert teke med vidare i utforming av detaljplan for området, men har ikkje innverknad på sjølve reguleringsplanen då dette ikkje gjeld føresegner eller plankart.</p>

Framdriftsplan

1. gongs handsaming: juni 2020
- Offentleg utlegging: juni 2020
2. gongs handsaming: september/oktober 2020
- Eigengodkjenning: oktober/november 2020


Gjeldande planar og rammer for området

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2017-2028 (KPS)

Gjennom KPS har kommunen definert nokre overordna tema som kommunen skal jobbe mot. Desse er; Luster -, ein god stad og bu, ein god stad å besøkje og ein god stad for bedrifter. Fleire tiltak er skildra i KPS for å støtte opp om dei overordna temaa, og tiltak for kulturminne er særleg relevant for planområdet.

I KPS er det vedteke å styrke Solvorn som inngangsportal til verdsarvområdet Urnes stavkyrkje som ein målsetnad og eit tiltak for kulturminne i kommunen. Ein skal leggje til rette for parkering, toalett og avfallslevering i prioriterte besøksområder.

Målsetnadane og tema i KPS er vurdert i planarbeidet.



Kommuneplanen - arealdelen 2019-2030

Arealføremål i KPA innanfor planavgrensinga er synt som offentlig tenesteyting – skule og kyrkje med gravplass, parkering og LNFR, sjå kartutsnitt.

Planområdet ligg innanfor omsynssone «bandlegging etter lov om kulturminne» og sone for vidareføring av reguleringsplan. Solvorn kyrkje er ei listeført kyrkje og det står i føresegnene til KPA at minste byggeavstand er 60 meter til freda og listeførde kyrkjer.

I tillegg er parkeringssituasjonen i Solvorn om sommaren nemnd som ei utfordring, spesielt i sentrumsområdet, og noko som må takast omsyn til ved planarbeid i området. I KPA er det lagt opp til å auka parkeringskapasiteten i Solvorn gjennom blant anna ny parkeringsplass sørover frå kyrkja til Gamlevegen.

Konsekvensutgreiinga for ny parkeringsplass ved Solvorn kyrkje er å finne på side 71, tiltak nr. 24 P1, i vedlegg til kommuneplanen sin arealdel. Konsekvensutgreiinga var utarbeida før skredfarekartlegginga, slik at fare for flaumskred og sørpeskred ikkje er vist i denne konsekvensutgreiinga. Kommuneplanen sin arealdel vart revidert i 2019 og framlegg til ny parkeringsplass er vidareført i denne planen utan ny konsekvensutgreiing. KPA at Nasjonal handlingsplan «Norge – universelt utformet» skal følgast opp gjennom arealdelen ved at uteområde og byggverk skal utformast slik at dei så langt det er mogleg kan nyttast av alle innbyggjarane på ein likestilt måte.


KPA seier også at med bakgrunn i globale klimaendringar og matsituasjonen i verda, skal det være fokus på å sikre dei areala i kommunen som er eigna for matproduksjon. Utbyggingsformål skal hovudsakleg leggast på uproductive/lågproductive areal utan spesielle økologiske/biologiske funksjonar og med særleg verdi for trua/sårbare/sjeldne arter eller bestander.

Luster kommune sin trafikktryggingplan

Planen er frå 2015. Den omtalar trafikktilhøva i Solvorn ein sommarsdag som svært problematisk og at parkering for dei som vil på badestranda er eit problem.

Skredfarekartlegging i 2015

Planområdet vart skredfarevurdert i 2015 og deler av området ligg innanfor temakart «skredfaresoner» og det er fare for både 100-års, 1000-års og 5000-års skred innanfor planområdet. Skredfaren vert vurdert i ROS-analysen og der er også kartutsnitt.



Reguleringsplanar i området

Reguleringsplan for Solvorn kyrkje skal erstatte delar av reguleringsplan for Løteigane som er frå 1986.

Planområdet grenser inntil/overlappar så vidt reguleringsplan for Borhaug frå 2009. Borhaug er eit bustadfelt som ligg ca. 400 m høgare opp i dalen målt frå krysset mellom Gamlevegen og Løteigane som er vegen til kyrkje, oppvekstsenter og bustadfeltet Løteigane. Reguleringsplanen for Borhaug omfattar Gamlevegen ned til krysset med Løteigane.

Området for ny parkeringsplass er ikkje tidlegare regulert.

Sjå kartutsnitt til venstre.

Planframlegget vil delvis erstatte reguleringsplanane:

Løteigane plan-ID 1986001

Borhaug plan-ID 2005003

Forvaltningsplan for Solvorn – Fagrapport frå 2010

Rapporten omhandlar ikkje direkte kyrkja og området rundt, men set fokus på det unike med Solvorn og heile miljøet i den vesle bygda. Kyrkja er ein del av dette miljøet. Rapporten set også fokus på problematikken med parkering sommarstid.

Arkeologisk forundersøking i 2019

Sogn og Fjordane fylkeskommune har gjennomført ei arkeologisk registrering på staden i samband med detaljregulering for Solvorn kyrkje. Registreringa vart gjennomført for å oppfylle tiltakshavararundersøkningsplikta jf. kulturminnelova § 9. Planområde vart undersøkt ved maskinell sjakting. Det vart søkt etter automatisk freda kulturminne i form av førhistoriske

busetjingsspor, dyrkingsspor og gravminne. Ingen nye automatisk freda kulturminne vart funne i undersøkingssområde. Det vart utarbeida ein registreringsrapport i samband med undersøkinga. Sogn og Fjordane Fylkeskommune har derfor ingen merknader til utviding av gravplassen i undersøkt område, når det gjeld omsynet til automatisk freda kulturminne.

Dei gjer likevel merksam på at mellomalderkyrkjestaden som omkrinsar kyrkja er automatisk freda id. 85525. Det er forbod mot inngrep i automatisk freda kulturminne med mindre Riksantikvaren har gjeve løyve til det jf. kulturminnelova § 3 og 8 med føreskrifter. Forbodet gjeld og sikringssona (kml. § 6) som om sluttar lokalitetsflata, med ein minste utstrekning på 5 meter.

Trafikkanalyse for Solvorn 2020

Som ei oppfølging av kommuneplanen vart i 2019 løyvd midlar i 2019 til ei trafikkanalyse som skal sjå på utfordringar og framtidige trafikklysingar i aksjen Galden-Solvorn-Ornes-Skjolden. Det kom fram fleire ulike måtar ein kan forbetre parkeringsproblema i Solvorn sommarstid på. Ei løysing er å innføre maks parkeringstid i sentrum, for eksempel 2 timar, slik at dei som vil parkere lengre må stå lenger unna, for eksempel på ny parkeringsplass ved kyrkja. Det er viktig med handheving av reglar og god skilting for å lukkast med dette.

Trafikkanalysen slår fast at det er uheldig å kombinere parkering med skolegard/leikeplass. Det er heller ikkje bra med køyring tvers over sykkelløypa som er etablert her. Sykkelløypa bør vera fysisk skilt frå parkeringsareal. Denne leikeplassen er den einaste tilrettelagte leikeplassen i Solvorn. Difor er det også viktig å etablere alternative parkeringsplassar til dei ved skulen.

Universell utforming til kyrkja og ny parkeringsplass frå 2012

Fasit utarbeida i 2012 eit framlegg til korleis ny universelt utforma tilkomst og ny parkeringsplass framfor kyrkja kan utformast. Framlegg til nytt inngangsparti og prinsippkissene for ny parkeringsplass er nytta vidare i reguleringsplanarbeidet.



Områdeskildring og konsekvensar av reguleringa

Områdeskildringa tek for seg den eksisterande situasjonen i planområdet før ein eventuell omregulering/nyregulering. Konsekvensane av reguleringa tek for seg dei endringar som vil følgje dersom planframlegget vert realisert.

Kulturmiljøet og historisk utvikling

Solvorn er ein stad som har ein historisk og kulturell verdi på grunn av den autentiske strandsona, bygningsmiljøet og eit kulturlandskap i aktiv drift. Bygda Solvorn er prega av landbruk og har over tid utvikla seg som eit reisemål både for turistar og for innbyggjarar i kommunen. Bruken av eksisterande bygg nær stranda har over tid endra seg frå heilårsbruk til stadig fleire feriebusstader.



Over: Flyfoto av Solvorn frå 1964/65. Etter den tid har Løteigane bustadfelt og Solvorn oppvekstsenter vorte bygd nord for kyrkja og det var vorte bygd nye vegsamband mellom Gamlevegen og Solvornvegen og mellom Løteigane bustadfelt og strandområdet. Under: Flyfoto frå 2018.



Solvorn kyrkje som kulturminne


Solvorn kyrkje er bygd i 1883 og ho er freda. Bakgrunnen for bygging av ny kyrkje er bl.a. at Urnes sokn vart slått saman med Solvorn sokn på denne tida. Kyrkja er den største av dei 12 kyrkjene i Luster og har 300 sitjeplassar. Ho vart bygd som ei erstatning for ei lafta tømmerkyrkje som var frå rundt 1600. Denne kyrkja låg på sørsida av gamlevegen der det ligg ein kyrkjegard frå mellomalderen. Ein kan framleis sjå grunnmuren til denne kyrkja. Denne kyrkja erstatta ei enno eldre kyrkje som truleg var ei stavkyrkje. Denne eldste kyrkja kan ein finne omtale av i 1325, men ein veit ikkje når den var bygd. Kyrkja fekk vernestatus den 26.03.2001 som ei listeført kyrkje (Lovgrunnlag: Kirkerundskrivet T-3/2000, KulturminneID: 85525-2). Bygging nærare kyrkja enn 60 meter er ikkje tillate etter kyrkjelova § 21 femte ledd, utan løyve frå biskopen

Den gamle kyrkjegarden, Solvorn mellomalderkyrkjegard, er ikkje innanfor planområdet. Mellomalderkyrkjegarden er automatisk freda jf. kulml § 4, og er omfatta av ei bandlegging etter lov om kulturminne i KPA 2019.

Den nye gravplassen som ligg ved den nye kyrkja vart truleg teke i bruk rundt 1890. I 1967 vart gravplassen utvida og i 1987/1988 vart det kjøpt areal frå gbnr. 168/29 til toalettbygg og reiskapshus.

Konsekvensar for kulturminna

Det er i dag ingen nær samband mellom eksisterande kyrkje med gravplass og den gamle mellomalderkyrkjegarden. Bygging av ny parkeringsplass vil snarare styrkje sambandet mellom dei to kulturminna enn svekke det. Ei føresetnad er ei utforming som er funksjonell for både kyrkja og gravplassane og som harmonerer med kyrkjebygget.





Dagens situasjon før rydding av kratt i gjerde/skråning mot veggen. Bygging av ny parkeringsplass med mur her vil truleg ikkje få negative konsekvensar for kulturminna i området berre det vert brukt tradisjonelle materialar/stein.

Terreng, landskap/estetikk, landbruk, naturmangfald, grøntstruktur og ureining

Solvorn ligg i ei bukt i Lustrafjorden. Planområdet ligg ca. 600 m frå fjorden og ca. 50 meter over havet. Kyrkja er synleg frå store deler av bygda. Det er fulldyrka jord eller innmarksbeite rundt kyrkja på alle kantar. Ikkje langt frå kyrkja, mot nord, ligg Solvorn oppvekstsenter og Løteigane byggefelt.



Solvorn og Solvorn kyrkje sett frå fjorden.

Planområdet ligg under marin grense og har lausmasser som er breelavsetning (Kjelde: NGU). Den delen av området som skal byggast ut er eit søkk i terrenget med ein bekk gjennom. Området vert i dag nytta til beite.

Konsekvensar for landskap og estetikk

Å byggje parkeringsplass her oppe som kan avlaste sentrumsområdet er betre for landskapet enn å byggje ein tilsvarande stor parkeringsplass nærare strandsona. Det må byggast ein mur og fyllast opp for å få universell tilkomst til kyrkja. Å ta opp høgdeskilnaden frå veg til inngangspartiet via den nye parkeringsplassen vert sett på som ei betre løysing både for kyrkja og for landskapet rundt enn å bygge universell tilkomst frå dagens nivå på parkeringsplass/veg. For at muren skal harmonere med kulturminne og landskap bør den byggast i tradisjonelle materialar, naturstein. Ny parkeringsplass med naturmur og harmonerande rekkverk vil truleg vera like tiltalende som dagens krattskog i den bratte skråninga mot beitet på oversida av vegen.

Konsekvensar for naturmangfald og grønstruktur

Planen legg truleg ikkje opp til endringar i arealbruk som vil få vesentlege konsekvensar for naturmangfaldet. Mesteparten av planområdet allereie er utbygd. Det er ingen kjende, verneverdige lokalitetar i området. (Kjelde: Naturbase, Miljødirektoratet).



Område for ny parkeringsplass sett frå Gamlevegen.

Konsekvensar for landbruk

Litt over 1 daa jordbruksareal definert som fulldyrka jord, brukt til beite, vil gå med til ny parkeringsplass. Konsekvensar som gjeld å ta i bruk eksisterande beite til ny parkeringsplass er avklara i kommuneplanen. Ved oppstart av planområdet vart det vurdert to alternative løysingar, ein sør for kyrkja og ein nord for kyrkja. Alternativet nord for kyrkja er ikkje i

samsvar med kommuneplanen og vart tidleg skrinlagt grunna negative konsekvensar for landbruk med nedbygging av dyrka mark og vanskelegare tilkomst til resterande område. Sjø møtereferat med grunneigar. Området sør for kyrkja som no planlagt brukt er registrert som fulldyrka jord, men vert nytta til beite. Dersom området skal nyttast til anna jordbruksproduksjon enn beite må det arronderast og drenerast. Tilkomst til beitet er området er frå Gamlevegen utanfor planområdet. Tilkomst til slåttemarka er utanfor planområdet. For å minske dei negative konsekvensane for landbruket ytterlegare er det i samsvar med grunneigar sine ynskje lagt opp til at skråninga frå parkeringsplass til resterande beite ikkje vert brattare enn at ein kan køyre beitepussar i skråninga. Dette minskar også fare for attgroing i området. (Kjelde: NIBIO – AR5)

Store tre som gir skygge skal takast vare på så langt råd er. Eksisterande bekk som er naturleg drikkevatnskjelde for beitedyr, skal ligge open i området vest for parkeringsplassen.

Konsekvensar for grønstruktur

Planen vil etter vår vurdering ikkje medføra store negative konsekvensar for grønstrukturen i området sjølv om eit grønt område vert bygt ut til parkeringsplass. Den viktigaste grønstrukturen går frå byggefelt/skule mot sentrum og frå byggefelt/skule ut mot LNF-områda.

Konsekvensar for ureining

Planen legg ikkje opp til nye tiltak som gir ureining.

Bygningar og anlegg

Innanfor planområdet er kyrkja med toalett og reiskapshus og eksisterande parkeringsplass med plass til ca. 14 bilar. Eksisterande bygningar vert regulert inn med arealføremål som samsvarer med dagens bruk og plassering. Storleik og plassering av bygningar vert ikkje endra. Parkeringsplassen og vegen er asfaltert. Ny parkeringsplass vil medføre ei stor oppfylling av eksisterande beite/søkk. For å få til universell tilkomst må deler av parkeringsplassen hevast opp på høgde med eksisterande terreng ved inngangen til kyrkja. Dagens tilkomstveg er tenkt som ein snarveg mellom eksisterande parkeringsplass og kyrkja.



Universell utforming

– konsekvensar av planen

Solvorn kyrkje har i dag ikkje universell utforming. Det er ein bratt gangsti frå parkeringsplassen opp til kyrkja og ei bratt trapp vidare inn i kyrkja. Det er ingen HC-parkeringar nær kyrkja. Eit av formåla med planen er nettopp å betra på denne situasjonen. For å få universell tilkomst til kyrkja må inngangspartiet byggjast om. Grunna

høgdeskilnaden på terrenget utanfor kyrkja og eksisterande parkeringsplass må det byggast ny HC parkering som ligg betydeleg høgare i terrenget enn eksisterande parkeringsplass.

Muren på oversida av kyrkja er i ferd med å rase ut og det manglar god/universell tilkomst også til toalett og reiskapshus. Dette bør kunna ordnast samstundes med at inngangspartiet til kyrkja vert universelt utforma. Fasit har i 2012 utarbeida plan for nytt inngangsparti som lett kan kombinerast med ny gangveg med fast grusdekke til toalett og reiskapshus. Muren må også setjast i stand att. På denne måten vil ein tilfredstille kravet til universell utforming for dette området.

Gravplassen

Gravplassen vert oppretthalden som i dag. Avgrensing av gravplassen er digitalisert etter flyfoto, ikkje etter eigedomsgrensar som er usikre i dette området. Det er vanskeleg med universelt utforma gangvegar her grunna stigningsforholda i terrenget, men det er viktig å prøve å få gangvegar så jamne og slake som råd er. Det må oppretthaldast ein stad for å hente vatn, oppbevare mindre utstyr og for å samle inn søppel og organisk avfall.

Område for oppstilling av bossdunkar

Det er i eksisterande plan ikkje regulert areal i området for oppstilling av bossdunkar for Solvorn oppvekstsenter, kyrkja og hytterrenovasjon. Desse vert no sett i nordlegaste enden av parkeringsplassen langs vegen til Løteigane. Denne plasseringa er fornuftig og vert vidareført i planen. Bossdunkar skal berre stå her i samband med tømingsdagane, ikkje som ei permanent oppstilling.

Samfunn og beredskap

Branntryggleik - konsekvensar

Det er viktig å ta vare på tryggleiken til kyrkja. Ein brannteknisk tiltaksplan for Solvorn var ferdigstilt i 2010 med målsetnad om å betre branntryggleiken i området. Næraste brannstasjon er ein bi-stasjon i Hafslo som ligg under brannstasjonen i Gaupne i Luster kommune. Innsatstida er på om lag 25 minutt. Brannvesenet har fleire gongar opplevd utfordringar med tilkomst til sentrum i Solvorn på grunn av «villparkering» langs fylkesvegen. Dette medfører ein risiko ved hendingar der naudetatane må fram. Ny parkeringsplass ved kyrkja vil kunne fjerne nokon bilar som elles ville ha parkert langs fylkesvegen.

Temaet branntryggleik er vurdert i ROS-analysen.

Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

Kommunevegen til Løteigane går tvers gjennom planområdet. Eksisterande parkeringsplass brukar denne vegen som manøvreringsareal. Det er ca. 280 meter frå kyrkja til fylkesvegen – målt i køyreavstand og det er ca. 800 meter å gå ned til kaiområdet og badeplassen. Ein kan gå på mindre trafikkerte bilvegar og slepp ut på fylkesvegen, men det er ikkje bilfrie gang- og sykkelvegar i området. Det er ikkje lagt til rette for regulert gangvegsamband/fortau innanfor planområdet. Dersom dette er ynskjeleg må dette løysast i ein samla plan for heile Solvorn.

Solvorn har i dag store utfordringar når det gjeld trafikk godvêrsdagar om sommaren då både besøkande til Solvorn, reisande som skal over med ferja og brukarar av badeplassen vil parkera i det tronge sentrumsområdet. Etablering av ny småbåthamn i området vil kunne medføre meir trafikk (KPA 2019). Eit verdsarvsenter er under planlegging på Ornes. Dette vil også kunne generere meir trafikk til Solvorn. Skuleplassen og den eksisterande parkeringa ved kyrkja har fram til no fungert som sommarparkering for tilreisande til Solvorn.



Dagens situasjon på skuleplassen. Dei som parkerer på skuleplassen må krysse ei nyleg opparbeida sykkelløype. Sykkelløypa går i kanten av og rundt heile skuleplassen slik at dei som køyrer inn på skuleplassen må krysse over løypa og dei som sykklar gjer dette tett inntil bilane som står på plassen.

Konsekvensar av planframlegget for trafikktryggleik

Vår konklusjon er at høvet til å parkere på skuleplassen ikkje bør halde fram, sjølv ikkje om sommaren når det er skulefri. Dette samsvarar med konklusjonen i trafikkanalyse for Solvorn. Det vert ikkje regulert inn bilveg ned til skulevegen.

Vegar

Vegen forbi kyrkja vert regulert som kommunal veg med vegbreidde 4.5 m slik som den er regulert i reguleringsplan for Løteigane frå 1986.

Eksisterande parkeringsplass

Eksisterande parkeringsplass vert nytta av kyrkja og av tilsette ved skule og barnehage. Planframlegget tek sikte på å oppretthalde dagens parkeringsplass ved kyrkja sjølv om dette medfører at kommunevegen må nyttast som manøvreringsareal. Parkeringsplassen har 13 plassar. Å endre parkeringsmønsteret til langsgåande parkering vil ikkje betra situasjonen for då må dei som parkerer snu ein anna stad og det vil truleg verte i krysset nærare skule og bustadfelt.



Benk og informasjonsstein i hjørnet av eksisterande P-plass. Benken og informasjonssteinen er foreslått flytta opp på den nye P-plassen både grunna trivsel og trygghet.

Eksisterande tilkomst til kyrkja frå parkeringsplassen vert oppretthalden. Vegen er bratt og vil verta brattare når det vert lagt fortau mellom mur, veg og ny parkeringsplass. Den beste løysinga er truleg å legge snarvegen med trappetrinn. Benken med utsiktspunkt som no står på parkeringa vert flytta opp på den nye parkeringsplassen visavis HC-parkeringa. Her kan det verte triveleg med grøntanlegg, god utsikt og langt frå bilveg slik at plassen også er mykje tryggare i bruk.

Ny parkeringsplass

Det vert etablert ny parkeringsplass rett sør for kyrkja og vest for vegen til Løteigane. Det har vore vurdert tilkomst til parkeringsplassen frå Gamlevegen, men både med omsyn til trafikktryggleik, faren for flaumskred i området og estetikk viser planframlegget tilkomst frå vegen til Løteigane.

Den nye parkeringsplassen vil liggje på fylling med mur mot kommunevegen til Løteigane. Mot beitet i vest må det etablerast ei slak skråning som gjer det mogleg med maskinell drift av landbruks-arealet. Skråninga skal nyttast som landbruksareal etter etablering. Parkeringsplassen vil lengst mot sør liggje noko lågare enn Gamlevegen. Plassen er lagt litt på skrå i forhold til vegen til Løteigane. Dette for å få mest mogleg parallellitet med kyrkjebygget. Dette er også positivt i forhold til høgde på mur. Det er mest plass mot vegen der muren vert høgast. Parkeringsplassen skal vera lågast rett over eksisterande bekk som ligg i røyr under plassen.

Frå den øvste delen av parkeringsplassen med handikaplassar til inngangspartiet til kyrkja må det vera stigning maks 1:20. Heile parkeringsplassen må detaljprosjekterast før bygging.

Vatn og avløp

Det er tilgang til kommunalt vann- og avløpsleidningsnett innanfor planområdet. Leidningar ligg i vegane.

Omsynssone - fareområder

Kyrkja er vurdert til å vera i sikkerheitsklasse S3 for skred og F2 for flaum.

Tek 17 seier at:

«For bygninger som inngår i sikkerhetsklasse S3 kan det vurderes å redusere kravet til sikkerhet for tilhørende uteareal til sikkerhetsnivået som er angitt for sikkerhetsklasse S2 (1/1000), dersom dette vil gi tilfredsstillende sikkerhet for tilhørende uteareal. Momenter som må vurderes i denne sammenheng er blant annet eksponeringstiden for personer og antall personer som oppholder seg på utearealet.»

Bakgrunnen for at det er vurdert at parkeringsplassen er i sikkerheitssone S1 og F1 er at faren for flaumskred er mest til stades under vinter og vår når parkeringsplassen vert nytta sjeldan/av få. Det er om sommaren og nokre få større samankomster resten av året, at ein kan forventa at det oppheld seg meir enn 25 personar samstundes i dette området.

Skredfare

I 2015 gjennomførte Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) ei skredfarekartlegging i Luster kommune, det er denne som dannar grunnlaget for skredsonene vist i ROS-analysen. Planområdet har areal innanfor skredsona med sannsyn for skredintervall på 1/100, 1/1000 år og 1/5000 år. Det er fare for flaum-/jordskred og denne er knytta til bekken som går gjennom planområdet og bekken som går vest for bustadfeltet Løteigane. Tidspunkt for eventuelt flaum-, jord- og sørpeskred er helst ved snøsmelting og ved uvanleg store nedbørsmengder.

Bygningar innanfor skredområda vert klassifisert i tre ulike tryggleiksklasser med omsyn til konsekvensar for liv og helse, og økonomiske verdiar. I planområdet er sona for skredintervall på 1/5000 år ikkje aktuelt for nye byggjeføremål utan at skredfaren på staden vert vurdert på nytt. Halve kyrkja, toalett og både eksisterande og ny parkeringsplass er innanfor område for 1/5000 års skred. Temaet er vurdert i ROS-analysen og omsynssone skred får tilhøyrande føresegner for å sikre tilfredsstillande tryggleik for bygningar og anlegg. Fareområde skred vert vist i plankartet.

Flaumfare

Det finst ikkje flaumsonekart for Solvorn, og dermed vert tilrådingane i Retningslinje 2-2011 frå NVE lagt til grunn for omsyn til flaum i planen. Bekken har eit lite nedbørsfelt og sannsyn for flaum i dette området er låg. **Røyret/kulverten under vegen er tilstrekkeleg dimensjonert for å kunne ta unna flaumvatn. Ved bygging av parkeringsplassen vil røyret få same dimensjon som i dag i heile lengda..** Temaet er vurdert gjennom ROS-analysen.

Konsekvensar av planen

Det er viktig å ha store nok kulvertar slik at flaumvatn ikkje demmer seg opp. Ved at ein legg innkøringa rett over bekkeløpet og på det lågaste punktet på parkeringsplassen, vil eit eventuelt større flaumskred som ikkje kan passere gjennom kulvert, kunne gå rett over

parkeringsplassen og vidare langs eksisterande bekkeløp og over landbruksareal. Det større oppfylling vil eit flaumskred fylgje Gamlevegen nedover.

Omsynssone kulturmiljø

Omsynssone - bevaring av kulturmiljø

Mest heile planområdet er omfatta av omsynssone bevaring av kulturmiljø i kommuneplanen med det mål å verne om Solvorn kyrkje som er freda. Dette vert vidareført i reguleringsplanen. Heile området ligg nærare kyrkja enn 60 m og alle endringar på kyrkjebygget skal godkjennast av biskopen. Kyrkja er listeført som verneverdig og biskopen skal i slike saker innhente fråsegn frå fylkeskommunen. All endring av gravplassen, t.d. flytting av mur, skal godkjennast av Bjørgvin bispedømeråd. Desse krava står i føresegnene til planen.

Bispedømerådet er positive til planane men ber om at dei vert kontakta når ein skal teikne ut konkrete løysingar sidan desse vil verke inn på både omgjevnadane til kyrkja, endringar på gravplassen og endringar på kyrkjebyggjet. Det er viktig at ein ved detaljplanlegging av ny parkeringsplass utformar nye tiltak i området slik at dei harmonerer mest mogeleg med kyrkja og miljøet rundt.

Arealtabell	
§ 12-5 nr.1 bygningar og anlegg	Areal (daa ²)
Forsamlingslokale for religionsutøving (kyrkje)	1,1
Gravlund	1,8
Avfallshandtering – tekniske anlegg	0,3
§ 12-5 nr.2 samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	
Køyreveg	0,7
P-plass	1,1
Fortau	0,1
Anna veggrunn	1,0
§ 12-5 nr.3 grøntstruktur	
Parkanlegg	0,1
Totalt areal	6,1

Tidlegare utbygd

= ca. 6 daa

Omdisponering frå jordbruk til utbyggingsføre mål

= ca. 1.1 daa